

Gol kommune vil at fleire skal ta i mot digital post

2 475 innbyggjarar i Gol kommune har enno ikkje tatt i bruk digital postkasse. No startar kommunen ein kampanje for å få fleire til å ta i mot digital post frå kommunen.

1,7 millionar nordmenn bruker i dag digital postkasse og får dermed post frå kommunen og andre offentlege etatar digitalt i staden for på papir. Men potensialet for bruk av digital post er vesentleg større. I kommunen vår er det 1300 innbyggjarar som har teke i bruk digital postkasse. Det utgjør 35,5 prosent av alle innbyggjarar over 15 år i kommunen – og det plasserer oss på 13. plass blant kommunane i fylket.

Gjennomfører kampanje

Vi brukar i dag mykje ressursar på papirpost. Difor set vi i gang ein kampanje for å få fleire til å velje bort papir. I løpet av dei næraste dagane vil dei som ikkje har oppretta digital postkasse, få ein hyggeleg e-post frå kommunen med ei oppmoding om å gjere dette.

-I dag sender vi ut papirbrev i postkassa til 2400 innbyggjarar. Det kostar minst ti kroner per brev. Det høyrer kanskje ikkje så mykje ut, men til saman er dette ressursar og pengar vi kunne brukt på noko langt meir nyttig, som til dømes barnehage, helse og omsorg eller kulturtilbod. Målet vårt er at flest mogleg innbyggjarar går over til digital postkasse slik at vi sparer desse ressursane og ikkje minst miljøet.

Praktisk for innbyggjarane

Vi trur også at mange innbyggjarar vil tykkje digital postkasse er praktisk: Du unngår unødvendig ventetid, og får mange brev frå det offentlege og det private direkte i den digitale postkassen, uansett kor du er. Raskt, sikkert og enkelt!

Skaffar du deg digital postkasse vil du etter kvart få melding om barnehageplass, skuleplass, vedtak i byggesaker og mange andre typar dokument i den digitale postkassa. Der vert dei verande i det personlege arkiv ditt så lenge du vil.

-Me vonar innbyggjarar som ikkje har oppretta digital postkasse enno kan ta seg bryet med å bruke nokre minutt på å gjere dette. Dei som treng hjelp til å opprette digital postkasse, eller har spørsmål om tenesta, kan kontakte kommunen - vi hjelper gjerne til.

Slik skaffar du deg digital postkasse:

- Gå inn på noreg.no
- Vel «Digital postkasse»
- Finn fram den elektroniske ID-en din (e-ID), til dømes din BankID
- Vel enten Posten sin Digipost eller e-Boks

Følg instruksjonane frå e-Boks eller Digipost for å opprette postkasse.